

NORNA-stipend 2026

Nordisk samarbeidskomité for namnegransking (NORNA) lyser ut **eitt (1) reisestipend** for unge namneforskarar som vil delta på [NORNA-symposiet *Namn och kulturarv* i Reykjavík 19.–21. mai 2026](#). Stipendet vil dekkja reise- og buutgifter inntil **SEK 8000**.

Stipendet er tiltenkt master- eller doktorgradsstudentar utan institusjonell finansiering som vil halda innlegg på symposiet. Søknaden skal innehalda:

1. ein kort presentasjon av søkjaren (særskilt studium og vitskapleg verksemd)
2. ei kort grunngjeving for deltakinga i symposiet (særskilt korleis dette vil fremja studiane eller forkinga til søkjaren)
3. eit samandrag (*abstract*) av innlegget (maks 500 ord, sjå retningslinene for symposiet)
4. bevis på studentstatus (kopi av studentbevis eller skriftleg stadfesting frå rettleiar)
5. ev. andre særlege grunnar eller merittar som vil kunna stø søknaden.

Det er ogso mogeleg å søkja reisestipend utan å halda innlegg på symposiet. I so fall skal søkjar sjå vekk frå punkt 3 i lista ovanfor.

Send søknad med ev. vedlegg på e-post til sekretariatet@norna.org innan **31. oktober 2025**. NORNA-komitéen gjer vedtak om utdeling og melder frå til søkjarane før utgangen av desember 2025.

Ved spørsmål, ta kontakt med sekretariatet eller aktuelle NORNA-komitémedlemer:

Danmark: Johnny G.G. Jakobsen jggj@hum.ku.dk

vara: Birgit Eggert beggert@hum.ku.dk

Finland: Klaudia Kiviranta klaudia.kiviranta@helsinki.fi

vara: Lisa Södergård lisa.sodergard@helsinki.fi

Island: Aðalsteinn Hákonarson adalsteinn.hakonarson@arnastofnun.is

vara: Birna Lárusdóttir birnalar@gmail.com

Noreg: Samuele Mascetti samuele.mascetti@hvl.no

vara: Ingvil Nordland ingvil.nordland@sprakradet.no

Sverige: Josefin Devine josefin.devine@isof.se

vara: Emelie Gladh emelie.gladh@lm.se